



Byggmeister Geir Inge Koløy saman med Rita S. Ramondou, bur i huset og er tidlegare eigar.

**Norgeshus Kjell Høyland AS har arbeidet med å skifta taket på Kapteinsgården på Nedre Fet i Uskedalen. Det gjeld alt takarbeid på nordvest sida av den freda embetsmannsbustaden frå 1775. Bjørn Arve Lunde er bygningsvernkonsulent på Sunnhordland Museum og er ansvarleg for søknader og tilsyn med byggmeisteren sitt arbeid.**

Kapteinsgården er av Riksantikvaren vedtaksfreda 1. februar 1923. Fredinga omfattar hovudhuset, eksteriøret og alt fast inventar. Anlegget representerer på ein god måte bergensk arkitektur og hus av embetsmenn og andre kondisjonerte på 1700 og 1800 talet. Det meste av eksteriøret er originalt. Berre to vindaugo på kjøkkensida er skifta til isolerglas.

I 1988 vart det gjort ei større vøla på Kapteinsgården, den gongen med Sverre Holmedal som byggmeister. Arkitekt Elin Thorsnes frå Bergen var konsulenten. Mykje av taket vart skifta den gongen.



Takvøla i denne omgang gjeld heile nordvest sida av Kapteinsgården.

Geir Inge Koløy frå firma Kjell Høyland er ansvarleg byggmeister i dag. Med seg har han nyss ferdig utdanna Marius Lunde. Det vert lagt opp ny teglstein. Før det er det oppretting av alt som er skeivt før det vert lagt nye lekter, rekker, papp og sutak. Ein går over alle råteskader på sperr. Defekte sløyser vert fornya. Arka på den same sida er med i arbeidet.

Geir Inge Koløy fortel at arbeidet på Kapteinsgården er interessant og ikkje noko ein gjer så ofte. Han er nøyen med å dokumentera tilstanden og utført arbeid under vegs. Rita Ramondou er godt nøgd med arbeidet som vert gjort. Eit freda hus frå 1775 krev alltid mykje vedlikehald og tilsyn. No vonar ho på at antikvariske myndigheter også vil gje tilskot til restaurering av nedrasa hagemur mot Fylkesvegen.

Kostnaden med takarbeidet vert rekna til kr. 280.000,- som vert dekkja av tilskot og bruk av eigne midlar av eigar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Taket på sørsida er i tolleg god stand, bortsett frå kjølen og lekkasje ved nokre takvindaugo.